

Ny, stor friluftshelg ved Fjellandsbø

12.08.2009



Bjørn Olav Tveit gjer Martin Yri Røssland klår for tryolartravers i fjar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er klart for den årlege, store friluftshelga ved Fjellandsbø og med det tradisjonelle programmet.**

**Etter indianarsamling med lavvo- eller teltovernatting laurdag er det eit mangfaldig aktivitetsprogram på sundag.**



50 indianarar var samla ved Fjellandsbø i fjar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I fjar var det rundt rekna 50 indianarar av det fredelege slaget som slo seg til innunder Fjellandsbø. No blir det fjarde gongen indianarane siår leir på denne staden og det er difor ingen tvil om at dei stortrivs i denne praktfulle natur-ramma. Barnas Turlag er ansvarlege for leiren - med mange indianaraktivitetar - og Helge Furdal er primus motor.

Det er viktig at gamle og unge samlast i naturen og lærer korleis dei skal oppføra seg ute. Her er det både ei praktisk og ei sosial side.

Frilufts dagen har også vorte ein årleg tradisjon og her er det Kvinnherad Turlag som står for tilskipinga. Det blir lagt til rette for diverse aktivitetar som fisking, padling, klatring/rapell, tyrolartravers, slakk line, skyting ved Skytterlaget, matlaging og mykje meir. Turaget ynskjer at deltakarane skal ta med mat for tillaging på bålet.

Arrangementet er i samarbeid med andre friluftsorganisasjonar og startar klokka 12. Det varar i fire timar. I fjar var det rundt rekna 200 med tiltross for at vervarsla var lite lovande og sundagen vart stadig våtare. Tidlegare har deltakartalet vore oppe i meir enn 300. Turlagleiar Anne Kari Enes står også dette året i spissen for arrangementet.

Slike arrangement er viktige både frå ein pedagogisk og ein sosial synsstad. Unge og eldre lærar kva dei kan nytta naturen til og får vera saman i ei anna ramme enn den vanlege og ofte trivelle.

Av Ola Matti Mathisen